

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP



Føreord

Det å vera ute i naturen, sjå mangfaldet og oppleva den på sitt beste, er noko av det eg set aller høgast. Når eg fekk moglegheita til å gjera naturtypekartlegging i heimkommunen min var det lett å velja det som tema for masteroppgåva.

Det er mange personar som skal takkast i samband med denne oppgåva. Først ei takk til Audun Steinnes, hos fylkesmannen i Rogaland, som let meg få starta på dette prosjektet utan å ha altfor mykje erfaring med kartlegging frå tidlegare.

Takk til John Bjarne Jordal, Geir Gaarder og John Inge Johnsen som tok meg med på naturtypekartlegging nokre dagar i mai 2009. Dette var svært lærerikt og interessant, og ikkje minst ei god erfaring før eg skulle ut å kartlegga område på eiga hand. Ei ekstra takk til John Bjarne Jordal som tok seg tid til å vera med på kartlegging av beitemarkssopp ei helg i september. Du har også medverka med gode råd og tips til både avgrensing og verdsetjing av lokalitetar, artsbestemming av sopp og korleis skrive ei god skildring av lokalitetane.

Takk til Anne Sofie Sandvik i Vindafjord kommune, som på meisterleg vis klara å gje meg eit lynkurs i GIS og karthandtering via telefon, i tillegg til hjelp med "GPS-punkt "på ville vegar". Takk til Gitte Halvorsen, som også arbeidar i Vindafjord kommune, for tips til interessante lokalitetar, lån av GPS og oppmuntring på vegen.

Ei stor takk til Sigmund Hågvar som rettleiar for oppgåva. Takk for gode råd, støtte og tips til oppgåveløysing og utføring.

Ei stor takk til alle vener og kjende som har lese korrektur, hjulpe til med småting eller rett og slett passa på at eg har fått i meg nok mat. Tusen takk!

Sist, men ikkje minst vil eg takka pappa, Lars Dalen, for ubetaleleg hjelp, støtte, råd og ein upåklageleg iver etter å utforska det biologiske artsmangfaldet i kommunen. Du har ein enorm artskunnskap om planter, områda i kommunen og elles det meste, som lett smittar over på andre. Du har ivrig og alltid like engasjert vore med på utallige turar både til lands og til vatns, til stor glede, hjelp og inspirasjon for meg. Læringskurva var rimeleg bratt dei første dagane då eg støtt og stadig fekk innprenta artsnamn om att og om att og om att. Ditt enorme engasjement om desse emna gjer at også eg får lyst til å læra meir. Eg set svært stor pris på all hjelp og støtte eg har fått gjennom heile oppgåva. Oppgåva hadde ikkje blitt det same utan. Mamma, Randi Dalen, skal ha også stor takk for god mat og pleie gjennom heile sommaren, det hadde ikkje vore mogeleg utan.

Ås 15.mai 2010



Eydis Dalen

Samandrag

FN har bestemt at 2010 skal vera det internasjonale Naturmangfaldåret. Dette er for å setja fokus på biomangfaldet i verda, og gjera folk meir bevisste på kor viktig naturen og det biologiske mangfaldet er. Kartlegging av naturtypar er eit godt bidrag til å auka bevisstgjerings og engasjementet hos kommune og innbyggjarar.

Dei største farane til tap av biologisk mangfald i dag er hovudsakleg bruksendring og attgroing.

Vindafjord kommune har eit variert naturbilete med mykje jordbruksareal, fjordarmar og fjellareal. Kommunen ligg innanfor den klart oseaniske seksjonen (O2), som tyder på eit fuktig og mildt klima. I dei delane av kommunen ein har næringsrik/kalkhaldig berggrunn finn ein mange større eller mindre lokalitetar med edellauvskog. Edellauvskog kombinert med det oseaniske klimaet gir grunnlag for eit artsmangfald og ei artssamansetjing som er uvanleg i nasjonal samanheng.

Denne oppgåva har gått ut på å kartlegga viktige naturtypar i Vindafjord kommune som ligg i Rogaland fylke. Feltarbeidet føregjekk sommaren 2009, og det vart kartlagd 25 område. Av desse var 4 lokalitetar med verdi A (svært viktig), 15 med verdi B (viktig) og 6 med verdi C (lokalt viktig). Dei viktigaste naturtypane var rik edellauvskog og naturbeitemark. Nokre av dei mest verdifulle områda Vindafjord kommune har er Opsal og Kvaløy. Dette er to svært artsrike lokalitetar med mange sjeldne og raudlista artar.

Naturbase er den databasen alle registreringane skal inn i. No er det også komen ein ny naturbase, Naturtyper i Norge (NiN), som alle kan bruka til kartlegging. Viktigaste skilnaden mellom NiN og Naturbase er at NiN legg meir vekt på lokale skilnadar i miljø, klima og jordsmonn. Spørsmålet no er korleis ein skal klara å bruka begge desse basane saman og til det beste. Det er fare for dobbeltarbeid og at registreringar går tapt i systemet.

Mykje av tida etter kartlegginga, gjekk med til avgrensing, verdisetjing og områdeskildring av kvar lokalitet. Mange av områda har innslag av fleire naturtypar og det er vanskeleg å plassera dei i "rett" naturtype. Kartleggingsarbeidet har difor vore utfordrande, men ei interessant og lærerik øving i å gjera eigne vurderingar og utøva eige skjøn.

Summary

The United Nations have declared the year 2010 to be the International Year of Biodiversity. The intention is to focus on global biodiversity and to increase public awareness regarding the importance of nature and biological diversity. Mapping of different types of nature is an important contribution in the process of increasing public awareness as well as engagement of the municipal authorities and its inhabitants.

Currently, the biggest threats to biological diversity in Norway are land-use changes, including overgrown land. Vindafjord municipality contains a varied combination of nature types, with a large amount of croplands, together with fjords and mountains. The municipality is situated within the oceanic climate section (O2), which implies a moist and mild climate. In the parts of Vindafjord that contain nutritious/lime-rich rock, there are several larger and smaller entities of thermophilic deciduous forest. The thermophilic deciduous forest in combination with the oceanic climate represents the basis for a high diversity in species, as well as a combination of species that is unusual in Norway.

The current project focused on mapping important nature types that are found in the municipality of Vindafjord, Rogaland County. The fieldwork was performed during the summer of 2009, and 25 different areas were mapped. Of these, 4 areas were of value A (very important), 15 were of value B (important) and 6 were of value C (locally important). The two most valuable nature types found in Vindafjord are thermophilic deciduous forest, and old pastures. Some of the most valuable areas in Vindafjord are Opsal and Kvaløy. These two areas are very rich in number of species, and have several rare species, as well as red-listed species that are rare.

Naturbase is the database where all professional mapping is registered. In addition to this database, the new *Naturtyper i Norge (NiN)* database can be used by everybody. The most important difference between *Naturbase* and *NiN*, is that the latter focuses more on local differences in the ecosystem, climate and soil conditions. A relevant question is how these two data bases can best be combined, avoiding both duplicate registrations, as well as loss of registrations.

In the current project, a substantial challenge was to identify the outer borders of each site, as well as giving a conservation value. Several of the sites contained more than one nature type, and these were difficult to categorize. Thus, the mapping of these sites was challenging, it was also an interesting and useful experience.

Innholdsliste

FØREORD	I
SAMANDRAG	III
SUMMARY	IV
INNHALDSLISTE.....	V
1. Innleiing	1
1.1. Biologisk mangfald – kva er det?	1
1.2. Trugslar og tiltak mot biologisk mangfald	1
2. Material og metode.....	2
3. Områdeskildring.....	4
4. Resultat.....	7
5. Diskusjon.....	71
5.1. Utfordringar ved feltarbeidet og bruken av DN-handboka.....	71
5.2. Styrkar og svakheiter ved Naturbase	73
5.3. Naturbase eller NiN?	76
5.4. Utfordringar med gjennomføring av eventuelle tiltak	77
5.5. Det vidare arbeidet med sikring av verdfulle naturtypar i kommunen.....	77
6. Vedlegg	79
7. Kjelder.....	92

1. Innleiing

FN har bestemt at 2010 skal vera det internasjonale Naturmangfaldåret (De forente nasjoner (FN) 2010). Dette for å setja fokus på biodiversiteten og verdien av biodiversiteten for menneska. Miljøverndepartementet (MD) har hovudansvaret for Naturmangfaldåret i Noreg, ei bevisstgjerjing på kor viktig naturen og det biologiske mangfaldet er for alle er noko av fokuset. Her vert alle oppfordra til å samarbeida og å laga gode tiltak for å ta vare på diversiteten og stoppa tapet av artar i naturen (Miljøverndepartementet 2010).

I juni 2009 trådde naturmangfaldslova i kraft. Den har mellom anna som mål å ta vare på dei biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessane i naturen. Denne lova omfattar all natur og sektorar innan naturforvaltning, og erstattar difor alle dei tidlegare lovene me har hatt om naturvern og biologisk mangfald.

Det vert stadig viktigare for folk å kunne vera ute i naturen, oppleve roen og den ”urørte” naturen. Grunna areal- og bruksendring er ikkje desse områda like enkle å finna lenger. For at dette skal vera mogeleg bør ein ta vare på dei områda som er att og det biologiske mangfaldet som høyrer med. Eit stort biologisk mangfald gjer også noko med inntrykket ein får av det ein ser ute i naturen, og det er mellom anna her naturtypekartlegginga kjem inn.

Føremålet med denne oppgåva er å kartlegga naturtypar i Vindafjord kommune, då hovudsakleg ”gamle” Vindafjord kommune.

1.1. Biologisk mangfald – kva er det?

I følgje naturmangfaldlova (2009) vert biologisk mangfald definert som ”...*mangfoldet av økosystemer, artar og genetiske variasjonar innanfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene*”.

Biologisk mangfald er viktig for å halda samspelet mellom artane i naturen intakt. Mange artar er såkalla nøkkelartar som mange andre artar er avhengige av, og som spelar ei viktig rolle i økosystemet. Anten ein vil det eller ei, så heng alt saman, tek ein til å endre for mykje på dette kan det føra til store konsekvensar for alle.

1.2. Trugslar og tiltak mot biologisk mangfald

Areal- og bruksendringar er den viktigaste årsaka til at artar vert karakterisert som truga eller sårbare i raudlista (Kålås et al. 2006). Stadig utbygging til anten private bustadar, industri

eller veg fragmenterar og minskar dei potensielle bu- og leveareala dei ulike artane treng, samt landbruksutnytting av areal i og ved skogsområde. Ei aukande modernisering og effektivisering av landbruket fører til hardare bruk av areala, og ei endring frå skog til jordbruksareal, eller motsett, vil kunne endre artsamansetjinga mykje. Dei områda som tidlegare vart nytta til beiteområde eller som i dag ikkje er råd å slå med store maskinar, ligg utsett til for mellom anna attgroing.

Sur nedbør er ein annan faktor som kan påverka artsmangfaldet. Sur nedbør fører til forsuring og gjødsling på grunn av nedfall av svovel og nitrogen. Desse to effektane kan framelska visse planteartar i skogen som treng god og næringsrik jord, medan andre artar reagerar negativt fordi det vert for surt for dei (som mellom anna fisk eller sopp).

Klimaendring er også ein faktor som kjem til å spela ei viktig rolle framover. Klimaet er i stadig endring og eit mildare klima vil kunne gjera det mogleg for artar som ikkje toler kulde særleg bra å etablera seg på nye område. Andre artar må flytta seg lenger nord, fordi dei helst vil ha det kjølig.

Ved å få kunnskap om kva ein har av artar og det biologiske mangfaldet, vil det vera lettare å laga ein handlingsplan for vern og vedlikehald i samarbeid med bonden, dei store bedriftene og kommune/fylke. Eit godt samarbeid mellom alle partar er viktig for å få dette til å fungera. Ikkje minst er det viktig at kommunen i den langsiktige arealforvaltning, tek ansvar ovanfor dei forslaga som vert gjevne som eit resultat av kartlegginga.

2. Material og metode

Hausten 2009 prata eg med Audun Steinnes som jobbar hos fylkesmannen i Rogaland for å høyra om dei hadde nokre interessante oppgåver eg kunne skriva masteroppgåve om. Sidan eg sjølv er frå Vindafjord kommune var det eit godt alternativ å skriva om Vindafjord ettersom det etter kommunesamanslåinga mellom Ølen og Vindafjord ikkje var gjort spesielt mykje kartlegging av naturtypar i gamle Vindafjord kommune. I samråd med Audun Steinnes og Vindafjord kommune kom me fram til at hovudfokus var dei resultatane som allereie var i Naturbase, men dårleg skildra, og deretter andre område som kommunen og eg tykte var viktige og interessante.

Føremålet med denne oppgåva er å gjera naturtypekartlegging i tidlegare Vindafjord kommune.

Naturbase er ein base som inneheld informasjon om verneområde, statleg sikra område, naturtypar, artsmangfald, friluftsområde og kulturlandskapsområde for å nemna noko (Direktoratet for Naturforvaltning 2010). Dette er meint som hjelp og informasjon til mellom anna arealforvaltning og kommuneplanlegging. Alle kommunar skal difor leggja inn informasjonen dei har om naturtypar i kommunen inn i denne databasen.

Sidan resultata skal inn i Naturbase har eg nytta DN-håndbok 13, 2. utgåve, som Direktoratet for naturforvaltning (DN - Seksjon for naturmangfold) har laga, til klassifisering av naturtypar og undergrupper (Direktoratet for Naturforvaltning 2007). I tillegg har eg bruka Vegetasjonstyper i Norge av Eli Fremstad (1997) som støttelitteratur ved bestemming av vegetasjonstypar. Den nasjonale raudlista på nett (Artsdatabanken 2006) er vorte nytta som søkemotor for å finna ut kva artar som er truga og i kva grad dei eventuelt er truga. Databasen er også bruka for å sjå kva raudlisteartar som er knytt til den aktuelle naturtypen. Bestemming av karplanter er gjort ved bruk av Lid & Lid (2005), artsbestemming av mose og lav er gjort av John Inge Johnsen ved Rogaland fylkeskommune, og artsbestemming av sopp er gjort av John Bjarne Jordal.

DN sin Naturbase vart bruka som utgangspunkt for kva for lokalitetar eg skulle sjå på. Hovudfokus var først dei lokalitetane som allereie var kartlagde i naturbasen, men svært dårleg skildra. I Naturbase (01.06.2009) fann eg 12 lokalitetar som var aktuelle, der to av lokalitetane var registrert med israndavsetningar som naturtype. Desse to har eg valt å sjå bort frå og heller konsentrert meg om dei resterande 10 lokalitetane. I tillegg fekk eg tips om eit par lokalitetar som kommunen gjerne ville eg skulle sjå på, samt at eg har saumfart kart og registreringar i artsdatabanken, og ut frå dette gått over dei områda eg tykte kunne vera interessante.

Lokalitetane er verdsatt og prioritert etter metodane i DN-handbok nr. 13, der det vert lagt vekt på raudlisteartar og truga vegetasjonstypar. Kvar lokalitet får verdien **A** (svært viktig), **B** (viktig) eller **C** (lokalt viktig), basert på artsmangfald, storleik, naturtype og kor intakt lokaliteten er.

Juni og juli 2009 vart bruka til feltarbeid, samt ei helg i september då eg hadde med meg John Bjarne Jordal som soppeksper. Det var også planlagt å gjera ein del kartlegging av

kulturbeitemark i jula 2009, men på grunn av uvanleg mykje snø på vestlandet vart dette diverre uaktuelt.

Det vart teke GPS-koordinatar av alle interessante funn, samt i ytterkantane av lokalitetane for hjelp til seinare avgrensing av lokaliteten.

3. Områdeskildring

Vindafjord kommune ligg heilt nord i Rogaland fylke. For inntil fire år sidan var dette to separate kommunar, Ølen og Vindafjord. Den 01.01. 2006 vart Ølen kommune og Vindafjord kommune slegne saman til ein felles kommune – Vindafjord kommune (Vindafjord kommune).




Figur 1: Kart over Vindafjord kommune. Kjelde: (Norges geologiske undersøkelser 2010)

Vindafjord kommune (figur 1) er i dag ein stor kommune på 599,4 km², og pr 01.01.2009 var innbyggartalet på 8161 (Statistisk sentralbyrå (SSB)). Kommunen er variert, med mykje landbruksareal og industri. Kommunen ligg hovudsakleg i den sørboreale vegetasjonssona, men grensar til den boreonemorale sona eit par stader. Den sørboreale vegetasjonssona er dominert av barskog, medan det i den boreonemorale vegetasjonssona kjem inn meir edellauvskog (Moen et al. 1998). Kommunen ligg også innanfor O2 - klart oseanisk seksjon.


Vegetasjonsseksjon kan definerast som geografisk variasjon mellom kyst og innland, på grunnlag av plantedekket. Seksjonen O2 er prega av vestlege vegetasjonstypar og artar, mykje grunna låge vintertemperaturar (Moen et al. 1998).

Berggrunnen i kommunen består for det meste av glimmerskifer og gneis (figur 3), medan lausmassane (figur 2) hovudsakleg består av breelvavsetning eller moreneavsetning (Norges geologiske undersøkelser (NGU)).

I følge artsdatabanken er 54 artar CR (kritisk truga) og 42 EN (sterkt truga) i Vindafjord kommune. Av dei 33 kritisk truga artane, er ål (*Anguilla anguilla*) og dvergspett (*Dendrocopos minor*) dei to som utgjer flest i antal fordelt på art (Artsdatabanken 2010).



Figur 2: Kart over lausmassane i Vindafjord kommune. Kjelde: (Norges geologiske undersøkelser 2010)



Figur 3: Kart over berggrunnen i Vindafjord kommune. (Norges geologiske undersøkelser (NGU) 2010)

4. Resultat

BN00016666, Blikraåni

Posisjon:	LL 1450 365
Naturtype:	E06 Viktig bekke drag
Utforming:	E0604 Viktig gytebekk
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugslar:	Rydding av kantsona, auka landbruksaktivitet, forureining
Undersøkt/kjelder:	09.06.2009 Eydis Dalen. Kjelder: Naturbase
Siste feltsjekk:	09.06.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 09.06.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Blikra, og renn ut i Vatsvatnet. Berggrunnen består av metasandstein og skifer, medan lausmassane tidvis består av tjukt morenemateriale, og elveavsetningar ved utløpet av elva (NGU2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er registrert som viktig bekke drag, med utforming E0604 – viktig gytebekk.

Artsmangfald: **Karplanter:** engsoleie, skogburkne, hundekjeks, fugletelg, hengeving, gaukesyre, maiblom, skogstjerne, stankstorkenebb, snauveronika, kjeldeurt, marikåpe sp, vendelrot, raud jonsokblom, tveskjeggveronika, engkarse, sisselrot, bjønnekam. Vanlege lavartar: brislav, sølvkrittav, muslinglav. **Diverse mosar:** kysttornemose, matteflettemose.

Langs bekken opp mot minikraftverket: Liljekonvall, skogfredlaus, skogsvinerot, maurarve, kristtorn, vanleg arve, platanlønn, stjernemarikåpe, bekketjerneblom, grasstjerneblom, tepperot, sommareik, kystmaigull, kvitveis.

Bruk, tilstand og påverking: Langs nedre del av bekken/elva går det ein natursti som endar i ein liten forsamlingsplass med bål plass osv. Nokre beitande dyr langs elva, men elles lite

aktivitet. På oversida av vegen er det laga eit lite minikraftverk slik at store delar av elva ligg i røyr. Dette påverkar vass-standen, men sidan det kjem vatn frå den andre delen av elva også, ser det ikkje ut til å forstyrre noko særleg. Er laga eit par fangdammar langs bekken som er lagt i røyr, her er det naturleg nok mange spennande artar. Kantvegetasjonen er rydda langs delar av elva opp mot Bakkavoll.


Framande artar: Platanlønn.

Skjøtsel og omsyn: Unngå fjerning av for mykje av kantvegetasjonen, dette kan gje meir erosjon og tilføra sediment til elva, i tillegg til avrenning frå jordbruksareala. Er bygd eit minivasskraftverk lenger oppe i elva (området merka med raudt), dette påverkar vassmengda i den øvre delen, men ikkje den nedre delen noko særskild. Det er også funne trådbregne (*Pilularia globulifera*) (EN), som er freda etter naturvernlova, i sørenden av Vatsvatnet (pers.medd, Lars Dalen¹ 2010), og sjansen for å finna denne der Blikraåni renn ut er også til stades.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er eit viktig bekkedrag med frodig kantvegetasjon, i tillegg til å vera ein viktig gytebekk. Bekken snor seg gjennom eit aktivt landbruksområde, og endar i ein natursti som fører til ein leirplass nede ved Vatsvatnet. Tidvis tett vegetasjon langs bekken, for det mesta hegg, svartor, rogn, ask, hassel og bjørk (osp også observert). Somme stader finn ein også ein del daud ved i og langs elva. Kantvegetasjonen oppover mot Bakkavoll var også dominert av svartor, ask, rogn, hegg og hassel.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien C (lokalt viktig) sidan det ikkje er funn av raudlisteartar langs elva, men staden er viktig for det lokale mangfaldet og er ein viktig gytebekk. Korridorane som bekken gjev, er viktig for spreining av artar og forflytting av artar i landskapet, og dei sumpliknande områda er viktige habitat for insekt og amfibiar. I tillegg er det også eit populært friluftsområde og turområde for lokalbefolkninga.

¹ Amatørbotanist



Figur 2: Kartutsnitt med avgrensing av Blikraåni. Området i mørk rosa er det området som er nytt (kilde: Naturbase).



Bilete 1: Mosekledd tre langs elva.



Bilete 2: Tett kantvegetasjon langs elva.

BN00016654, Opsalsneset

Posisjon:	LL 2337 9959
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog, B01 Sørvendt berg og rasmark
Utforming:	B0103 Rasmarker med større eller mindre innslag av skog/tre
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Fysiske inngrep (arealendring), attgroing
Undersøkt/kjelder:	11.06.2009, Eydis Dalen og Lars Dalen Kjelder: Naturbase
Siste feltsjekk:	11.06.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 11.06.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nedsida av hovudvegen rett nord for Vikedal. Berggrunnen i området er hovudsakleg kvartsdioritt, fylitt og glimmerskifer (NGU 2010). Lausmassane består av tynt morenemateriale (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei blanding av edellauvskog med innslag av sørvendte berg og rasmark. Utforming B0103 - Rasmarker med større eller mindre innslag av skog/tre.

Artsmangfald: Kusymre, eføy, hassel, ormetelg, bleikstarr, ramslauk, mjødurt, trollhegg, smørbukk, svartburkne, hengeaks, platanlønn, alm (NT), gråor, svartor, ask, klengemaure, sanikel, storblåfjør, villeple, krossved, vårmarihand, cotoneaster (bulkmispel), fagerperikum, legeveronika, hengeving, kristtorn, vivindel, geittelg, hundekveke, søtkirsebær, kysteinstape, storfrytle, kystgriseøyre, skoggråurt.

Bruk, tilstand og påverking: Lokaliteten er mest nytta som turområde for lokalfolk. Lokaliteten ligg tett opp til eit hyttefelt (Austad et al.), og er påverka av dette. Ikkje vore i drift dei siste åra, kun litt vedlikehald langs stien.

Framande artar: Platanlønn, cotoneaster (bulkmispel).

Skjøtsel og omsyn: Unngå vidare utviding av hyttefeltet. Vedlikehald av stiane er å anbefala for større trivsel når ein er på tur.

Del av heilskapleg landskap: Opsalsneset er ein del av eit større, og svært interessant område som strekk seg på andre sida av hovudvegen. Området ovanfor vegen er delt i to der ein del er blokk- rasmark og edellauvskog, og ein annan del er naturbeitemark.

Lokaliteten her har skrint berg og litt furu heilt ytst i lokaliteten. Nyttå som turområde for lokale innbyggjarar og hytteeigarane.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien B (viktig) fordi det er ein artsrik lokalitet, som heng saman med eit større område like ved. Det er også knytt raudlisteartar av middels verdi til området. Begge naturtypane er viktige med tanke på artsmangfaldet og skal registrerast som viktige. Det er ein artsrik lokalitet med store verdiar for diversiteten i området.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Opsalsneset. (Kjelde: Naturbase).

BN00016657, Kyrkjehølen

Posisjon:	LL 2470 9940
Naturtype:	E03 Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti
Utforming:	E0302 Gammal, mindre flaumpåverka kroksjø (utan gjennomstrøyming)
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugslar:	Attgroing (eutrofiering)
Undersøkt/kjelder:	04.08.2009 Eydis Dalen og Lars Dalen. Kjelder: Naturbase
Siste feltsjekk:	04.08.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 04.08.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Vikedal. Lausmassane består av elveavsetning, og berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis (NGU 2010).

Lokaliteten ligg i boreonemoral sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er kroksjøar, flaumdammar og meanderande elvepart, med utforming gammal, mindre flaumpåverka kroksjø.

Artsmangfald: Raud vasslilje, granntjønnaks (NT), gulldusk, småhavgras, kattehale, mjølkerot, sverdlilje, vårrubloom.


Bruk, tilstand og påverking: Gammal elv (kroksjø) utan gjennomstrøyming av vatn, som endar i fjorden. Det er eit rikt plante- og fugleliv i området. Attgroing er eit aukande problem langs elva.

Framande artar: Lokaliteten har innslag av nokre hageflyktningar som tusenblad, skunkkala, hekkespirea, skjoldsildre og vasslilje.


Skjøtsel og omsyn: Halda sumpområda tilgjengeleg til hekkeområde, unngå for mykje attgroing.

Del av heilskapleg landskap: Er anlagt tursti langs delar av Kyrkjehølen. Ein del hageplanter planta langs elvekanten pyntar opp langs turstien.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi lokaliteten er ein sjeldan naturtype, og har ein raudlista art av middels verdi. I tillegg er det eit viktige hekkeområde for amfibiar og fuglar, og turområde for lokalbefolkninga.



Figur 3: Kartutsnitt med avgrensing av Kyrkjehølen (Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Raud vasslilje i Kyrkjehølen.

BN00016659, Otertangen

Posisjon:	LL 0845 0015
Naturtype:	D05 Hagemark
Utforming:	
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Trakk (slitasjeskader)
Undersøkt/kjelder:	12.06.2009, Eydis Dalen, Lars Dalen, Randi Dalen
Siste feltsjekk:	12.06.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 12.06.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto. Området er allereie registrert som statleg sikra friluftslivområde i Naturbase (FS00001456).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Skjoldafjorden, ikkje langt unna Skjold. Lausmassane består av hav- og fjordavsettingar og strandavsetting. Berggrunnen består av granitt og granodioritt (NGU 2010). Lokaliteten ligg i boreonemoral sone, og sterkt oseanisk seksjon (O3h) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtype er hagemark, medan resten av lokaliteten består av tørr furuskog som kan ha vore kystfurusvog tidlegare. Hagemarka er berre ein liten del av området, den som ligg ved badeområdet. Elles furu- og lauvskog som dominerar.

Artsmangfald: **Karplanter:** blodtopp, småsivaks, fjæresaulauk, myrhatt, mjølkerot, gulldusk, knopparve, klourt.

Treslag: svartor, pors, platanlønn, rogn, osp, trollhegg, hegg.

Bruk, tilstand og påverking: Området er tydeleg ein attraktiv plass for lokale folk. Fint friluftsområdet/badeområde om sommaren, og lokaliteten bær tydeleg preg av mykje trakk, særleg ned mot vatnet nær badeplassen. Stiar går gjennom heile lokaliteten og gjer området til eit flott friluftsområde. Mest spennande artsmangfald langs vasskanten.

Framande artar: Platanlønn.

Skjøtsel og omsyn: Sidan lokaliteten allereie er eit populært friluftsområde og vert nytta av skular og andre til overnattingsplass og aktivitetsområde, er artsmangfaldet i nærleiken også

prega av dette. Tidlegare enger bør slåast med jamne mellomrom for å oppretthalda artsmangfaldet i og rundt enga.

Del av heilskapleg landskap: Populært friluftsområde med fine overnattings- og bademoglegheiter som mange nyttar seg av. Blodtopp er sjeldan i kommunen og er difor av lokal interesse.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi naturtypen hagemark er satt som VU i truga naturtypar. Sjølv om lokaliteten ikkje inneheld viktige raudlisteartar er det likevel eit område med mange moglegheiter og potensiale for større artsdiversitet. Middels rikt artsmangfald, særleg nær vasskanten og til dels på hagemarka. Det er også eit attraktivt friluftslivområde som mange nyttar seg av.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Otertangen (Kjelde: Naturbase).

BN00016664, Melandtjørna

Posisjon:	LL 0415 0000
Naturtype:	A08 Kystmyr
Utforming:	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Attgroing, bruksendring/grøfting
Undersøkt/kjelder:	03.07.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen. Kjelder: Naturbase
Siste feltsjekk:	03.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 03.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Melandtjørn ligg på Meland, 4 km frå Håvik ved Skjold. Berggrunnen i området består av kvartsdioritt og granitt, og lausmassane består av morenemateriale underst, med myr- og torvmateriale øvst (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen er kystmyr. Den viktigaste vegetasjonstypen er fattig fastmattemyr, med klokkelyng-rome-utforming.

Artsmangfald: Flaskestorr, blåtopp, klokkelyng, bjønnskjegg, rome, pors, heiblåfjør, blåknapp, tettegras, duskull, myrklegg, tranebær, myrhatt, mjuksivaks, dystorr, hesterumpe, dikeminneblom, andemat, trådstorr, øyrevier, myrsaulauk.

Bruk, tilstand og påverking: Dyr går og beitar på myra, men er elles ikkje mykje i bruk. Små tjern som held på å gro att, men ikkje så attgrodd som forventa. Endar opp som eit stort lausmatte-myrområde.


Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Var ikkje så attgrodd som frykta. Kan vera fordelaktig å fortsetja med beitedyr på myra. Unngå grøfting og bruksendring.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit stort jordbruksområde, nært opp til skogen. Relativt stort myrområde i kulturlandskapet.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien B (viktig) sidan kystmyr er ein sjeldan naturtype, utforminga også er kategorisert som VU-EN. og lokaliteten ligg i den sterkt

oseanisk seksjon. Lokaliteten er rimeleg stor og har eit rikt artsmangfald. Sumpområda er viktige habitat for amfibiar og insekt.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Melandstjørn (Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Blåtopp og rome dominerar i feltsjiktet.



Bilete 2: Duskull og småbuskar på myra.



Bilete 3: Ganske einsformig bilete for det meste av myra, mykje blåtopp og rome.

BN00016658, Åmselva

Posisjon:	LL 1525 9780
Naturtype:	E06 Viktig bekkedrag
Utforming:	E0601 Meandrerande parti med naturleg kantsone
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugslar:	Avrenning frå jordbruket, fjerning av kantvegetasjon
Undersøkt/kjelder:	07.07.2009 Eydis Dalen
Siste feltsjekk:	07.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 07.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Åmselva renn frå Vatsvatnet og ut i Vatsfjorden. Lokaliteten ligg om lag 5 km frå Knapphus i Øvre Vats. Berggrunnen består av vulkanske bergartar, og lausmassane består av morenemateriale (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtype er satt til å vera viktig bekkedrag (E06), med utforming meandrerande elv med naturleg kantsone.

Artsmangfald: Gullris, hegg, flaskestorr, bjørk, hengeving, stor marimjelle, platanlønn, blåklokke, ugrasklokke, firkantperikum, osp, furu, gran, hassel, harestorr, soleiehov, legeveronika, revebjelle, takrøyr, småbregneskog (lite område). Sverdliljer veks somme stader langs elva.


Bruk, tilstand og påverking: Elva snor seg gjennom landbruksareal i drift. Er laga eit fint turområde ved utløpet av elva, der dei har mura opp det gamle elveleie for å ta vare på den meandrerande elva. Det er også planta til langs elvekanten med ulike planter, fint rekreasjonsområde. Nedste del av elva påverka av menneskeleg aktivitet (muring av elveløp). Somme stader med ekstra fuktig og næringsrik vegetasjon, små ”lommer” langs elva.

Framande artar: Platanlønn.

Skjøtsel og omsyn: Fortsetjing av vedlikehald av kantvegetasjonen nær elva er viktig. Ta omsyn til avrenning frå jordbruksareala, minimera desse.

Del av heilskapleg landskap: Fleire små lokalitetar/område langs bekken som er småbregneskog eller har tendensar til sumpskog eller andre fuktige vegetasjonstypar. Fiskeplassar er laga langs elva, dette tyder på at det er eit populært område for fiskeing. Viktig gytebekk for laks og sjøaure.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien C (lokalt viktig) fordi det ikkje er funne nokre raudlisteartar her. Bekken er likevel ein viktig gytebekk for småfisk, og del av eit triveleg friluftsområde, og lokalt svært viktig. Det vart også observert fiskeplassar langs elva. Dei meir sumpaktige kantområda kan vera viktig habitat for insekt og amfibiar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Åmselva. (Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Elva snor seg langs frodig kantvegetasjon



Bilete 2: Takrøyr og anna høgvokst vegetasjon dominerer langs elva



Bilete 3: Tydeleg tett kantvegetasjon med sverdliljer på andre sida av elva (vanskeleg å sjå).

BN00016663, Søndenåneset

Posisjon:	LL 2375 9790
Naturtype:	H Andre viktige forekomster
Utforming:	
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugslar:	Hogst, attgroing
Undersøkt/kjelder:	10.07.2009 Eydis Dalen
Siste feltsjekk:	10.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 10.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit par kilometer sør for Vikedal. Berggrunnen består av kvartsdioritt og tonalitt, lausmassane er hovudsakleg bart fjell (NGU 2010). Lokaliteten ligg mellom sørboreal og borenemoral sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er registrert som andre viktige forekomster. Innslag av edellauvskog somme stader nær sjøen.

Artsmangfald: Karplanter: vassgro, rundsoldogg, bukkeblad, sumpsivaks, grønntorr, gråstorr, krypsiv, kjempepiggnopp, kvitmyrak, ryllsiv, åkersnelle, elvesnelle, øyrevier, englodnegras, myrhatt, grøftesoleie, klokkelyng, pors.

Treslag: kristtorn, hassel, gråor, svartor, platanlønn, eik.

Bruk, tilstand og påverking: Mange kristorn-skot, ynglar med kristtorn i undervegetasjonen. Planting av gran gjer inntrykket einsformig. Lauvskog med mykje or og hassel tek over der det er mogeleg, grøfting er gjort ved myrområdet. Der er det også eit felt med ung furuskog, truleg naturleg forynga, like ved eit myrområde, i tillegg til mange varmekjære lauvtre.


Framande artar: Platanlønn.

Skjøtsel og omsyn: Mykje furu/granskog som snart er hogstmoden. Normal skjøtsel er å anbefala, hogst vil vera naturleg etter ei stund, men flatehogst er ikkje å anbefala.

Del av heilskapleg landskap: Delar av lokaliteten ligg nært opp til eit lite hyttefelt. Sjølve neset er kanskje ikkje så spennande i seg sjølv, men strandbergareala som fortset vidare

sørover er absolutt spennande. Mykje planta granskog på vestsida, ein del meir furu- og lauvskog lenger sør i lokaliteten. Det veks også svært mykje kristtorn her, ikkje minst er det stappfullt med unge skot i undervegetasjonen. Funn av vassgro (første i Vindafjord) i eit lite myrområde som var frodig og inneheldt eit stort artsmangfald.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien C (lokalt viktig) sidan ein har lokalt interessante funn i området. Det myrområdet der vassgro vart funne inneheld eit stort mangfald og er svært interessant. Svært mange vassgro, antal individ var stort! Lokalt viktig. Lokaliteten inneheld også kulturminne (gravfelt) som er freda (NGU 2010).



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Sondenåneset. Vassgro funne i området merka med mørk rosa (lite). (Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Kjempepiggnopp .



Bilete 2: Vassgro.



Bilete 3: Myr/sumpområde ved ung furuskog med masse kjempepiggnopp, starr og vassgro.



Bilete 4: Vassgroblad.

BN00016652, Ingridalen

Posisjon:	LM 2530 0735
Naturtype:	A08 Kystmyr
Utforming:	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugslar:	Attgroing, klimaendring
Undersøkt/kjelder:	19.07.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen
Siste feltsjekk:	19.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 19.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Hovda og Ramnafjellet, like ved Sandeid, og strekk seg innover mot Skillingsdalen. Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, lausmassane består av morenemateriale og myr- og torvmateriale (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er kystmyr. Mosaikk av ombrotrof og minerotrof myr. Ombrotrof på toppane, men raskt minerotrof i søkka. Viktigaste vegetasjonstype er intermediær fastmattemyr (L2) (Fremstad 1997), med klokkelyng-rome-utforming.

Artsmangfald: **Karplanter:** sveltstorr, røsslyng, rome, klokkelyng, stor bjønnskjegg, kvitlyng, rundsoldogg, lusegras, molte, flaskestorr, blåtopp, smalsoldogg, duskull, dystorr, dikesoldogg, sivblom, bukkeblad, torvull, lyssiv, smørtelg, vanleg blåfjør, særbustorr, tranebær, gulstorr, krypsiv, flekkmarihand, brunmyrak, kvitmyrak, fjellpiggnopp.

Treslag: dvergbjørk, rogn, øyrevier.

To ørn observert!


Bruk, tilstand og påverking: Stort myrområde i Ingridalen, mest bruka til turområde. Påverka av klimaendringar og kjem til å gro att dersom det ikkje vert haldt ved like. Dei fuktige områda vert mindre og mindre, tettare mose- og vegetasjonsmatte.

Framande artar: Ingen registrerte artar

Skjøtsel og omsyn: Fordelaktig med beite av dyr om sommaren for å halda buskvegetasjon og trevegetasjon nede.

Del av heilskapleg landskap: Er del av eit større turområde, viktig for å få større diversitet i artar og landskapsbilete. Stor lokalitet med mange hekkande fuglar, og også viktig habitat for mange fuglearter. Trekkveg for hjort og rådyr går også gjennom lokaliteten.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien A (svært viktig) fordi dette er ein myrtype som er under press og ikkje finst så mange andre stader i kommunen. I tillegg går lokaliteten over eit særstort område, noko som gjev området stor verdi. Det er ein artsrik lokalitet med ein mosaikk av ombrotrof og minerotrof myr og mange interessante artar. Stor diversitet i artsmangfaldet. Mange rikmyrsindikatorar, men ikkje dei heilt ekstreme typane.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Ingridalen. (Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Fattig fastmattemyr.



Bilete 2: Fuktig sumpområde på myra. Funn av brunmyrak.



Bilete 3: Tett botnvegetasjon, fastmatte og busksjikt.

BN00016665, Vikaneset

Posisjon:	LM 0720 0075
Naturtype:	H Andre viktige førekomstar
Utforming:	Eikeskog
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugslar:	Arealendring, attgroing
Undersøkt/kjelder:	21.07.2009 Eydis Dalen
Siste feltsjekk:	21.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 21.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Skjold, i Skjoldavika.

Berggrunnen består av glimmerskifer, kvartsdioritt og vulkanske bergartar, lausmassane er morenemateriale og bart fjell (NGU 2010). Lokaliteten ligg i boreonemoral sone, og sterkt oseanisk seksjon (O3h) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten har ingen særskild naturtype, men inneheld mellom anna eit stort område med relativt gamal eikeskog. I tillegg finn ein mange edellausvaskingsindikatorar, og eit område som tydeleg ber preg av ein gong å ha vore eit hageområde med mange uvanlege artar.

Artsmangfald: **Karplanter:** vivendel, rome, klokkelyng, rundsoldogg, knappsisv, flekkmarihand, vårmarihand, liljekonvall, hengeaks, blankburkne, saltsiv, havstorr, småsivaks, svartburkne, kvitmyrak, bukkeblad, harestorr, vasslilje, eføy.

Treslag: svartor, eik, osp, hassel, kristtorn.

Mose: krokodillemose

Bruk, tilstand og påverking: Lokaliteten vert hovudsakleg nytta som turområde. Planta allé ned mot vatnet, mykje liljekonvall og store tre. Planta hage med mykje forskjellig, der mange av artane har spreidd seg utover. Eit flott våtmarksområde like ved bustadfelt der det går sauer og kyr og beitar. Mogeleg hest også. Dei fuktige områda er svært artsrike. Blanding av tørre, skrinne område med ein del furu og fuktige, svært artsrike område. Eikeskogen er spesiell av den grunn at den er gamal og stor.

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Beitande dyr er positivt for landskapspleia. Eikeskogen er viktig habitat for mange fuglar, og etter kvart som trea vert gamle vert dei også viktige med tanke på insekt.

Del av heilskapleg landskap: Restar etter hageanlegg med mange uvanlege artar. Mange av desse artane har ekspandert og teke over større område. Variert naturmiljø. Sjeldan å sjå så stor naturleg eikeskog i Vindafjord, dette gjev eit særpreg til lokaliteten.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ein lokalitet med stor diversitet, men ikkje av den ekstreme typen. Eikeskogen er mellom anna eit viktig habitat for fuglar og insekt. Ingen registrerte raudlisteartar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Vikaneset. (Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Flekkmarihand.



**Bilete 2: Sumpområde like ved hytteområde.
Ved beiteplass (storfe/hest).**

BN00016656, Hustoftvatnet - Vågavatnet

Posisjon:	LL 3780 9835
Naturtype:	Andre viktige forekomster.
Utforming:	Evjer, bukter og viker
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Endring av vass-stand, avrenning frå landbruket
Undersøkt/kjelder:	01.08.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen
Siste feltsjekk:	01.08.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 01.08.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag 2 mil aust for Vikedal, langs hovudvegen. Bergrunnen består av gneis og granitt. I enden på Hustoftvatnet er det hav- og fjordavsetningar (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten kjem under andre viktige førekomstar. Dette er to store vatn med artsrike evjer/bukter og kantsoner. Tendensar til kulturlandskapssjø i dei minste vatna. Våtmarksområde er også tilstades der dei to vatna heng saman.

Artsmangfald: **Karplanter:** småtjernaks, dikevasshår, sylblad, murburkne, svartburkne, sisselrot, botnagras, olavskjegg, flaskestorr, gulldusk, tepperot, mjuksivaks, krypsiv, sennegras, myrhatt, myrmaure, bukkeblad, skogørkvein, gul nøkkerose og kvit vasslilje.

Treslag: eik, rogn, svartor, osp.

Bruk, tilstand og påverking: Avrenning frå landbruket kan verta eit problem dersom noko ekstremt skulle skje. Attgroing er alltid eit problem, slik er det også her i dei mest frodige vikene og sumpområda. Hustoftvatnet og Vågavatnet er begge rike på fisk. Vågavatnet er hovudsakleg omringa av furuskog. Elveleie som bitt saman dei to vatna består mykje av lauvskog.

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Evjene, buktene og vikene er viktige habitat for insekt og sumpelskande planter som har potensiale for stor artsdiversitet (Hellen & Johnsen 2006). Stort fugle- og fiskeliv i vatna (Artsdatabanken 2010), potensiale for ein god lokalitet for amfibiar og hekkeområde for fuglar.

Del av heilskapleg landskap: To store vatn. Stor biodiversitet i eit landbruksområde.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi dette er ein viktig lokalitet for insekt og amfibiar. Lokaliteten er artsrik med eit par interessante funn for kommunen (sennegras). Det er også to svært fiskerike vatn.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Hustoftvatnet – Vågavatnet. (Kjelde: Naturbase).

1, Opsal (ovanfor hovudvegen)

Posisjon:	LL 2315 9980
Naturtype:	D04 Naturbeitemark, litt lauvskog med div
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng.
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugslar:	Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	11.06.2009, Eydis Dalen og Lars Dalen, og 11.09.2009 saman med John Bjarne Jordal Kjelder: Naturbase
Siste feltsjekk:	11.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 11.06.2009 og 11.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på oversida av hovudvegen rett før Vikedal. Berggrunnen i området er hovudsakleg kvartsdioritt, fyllitt og glimmerskifer (NGU 2010). Lausmassane består av tynt morenemateriale, eit ganske stort området består av skredmateriale (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei blanding av naturbeitemark og delvis berg- og rasmark. Viktigaste vegetasjonstype er frisk fattigeng (G4) (Fremstad 1997).

Artsmangfald: Karplanter: Aurikkelsveve, knegras, hårsveve, kystmaure, markfrytle, svartor. **Sopp:** seig vokssopp, skjør vokssopp, brunfnokka vokssopp, honningvokssopp, blårandraudskivesopp, fiolett greinkøllesopp (NT), kvit køllesopp, væpnarhatt, liten vokssopp, mørkskjella vokssopp (NT), kantarellvokssopp.

Bruk, tilstand og påverking: Sau går og beitar på øvre del av lokaliteten, medan ein del storfe også beitar heilt nedst. Den frodigaste delen av beitet er øvst der sauen har beita. Dette ser også ut til å vera den delen som er minst gjødsla og difor gjev ein meir mangfaldig soppflora i enga.

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Bør fortsetja med beiting, helst unngå gjødsling sidan dette kan øydeleggja artsmangfaldet på enga. Fare for attgroing dersom ein skulle slutta med beitedyr.

Del av heilskapleg landskap: Del av eit kulturlandskap som står i fare for å gro att dersom ein ikkje held det vedlike. Ein viktig del av det totale bilete av Opsalsneset. Lokaliteten er ein del av eit stort område som strekk seg langs oversida av vegen og langs nedsida av Hestanipa.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig), fordi det er ein lokalitet med stor artsriksdom og fleire raudlista soppartar og viktig for det biologiske mangfaldet.

Naturbeitemark er ein naturtype i tilbakegang og er eit viktig leveområde for karplanter, sopp og insekt. Naturbeitemarka er lite gjødsla og ligg nært edellaavskog.



Figur 1: Kartutsnitt med avgrensing av Opsal med naturbeitemark.



Bilete 1: Fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*).

2, Opsal – under Hestanipen

Posisjon:	LM 2310 0050
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog, B01 Sørvendt berg- og rasmark, Blokkmark
Utforming:	B0106 Stabile utformingar på moserik, grovsteina blokkmark
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugslar:	Arealendring, attgroing
Undersøkt/kjelder:	11.09.2009, Eydis Dalen, Lars Dalen og John Bjarne Jordal
Siste feltsjekk:	11.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 11.09.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på oversida av hovudvegen rett før ein kjem til Vikedal. Berggrunnen i området er hovudsakleg kvartsdioritt, fyllitt og glimmerskifer (NGU 2010). Lausmassane består av tynt morenemateriale, eit ganske stort området består av skredmateriale og ein finn også ei randmorene langs undersida av Hestanipen (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Samansett område med edellauvskog, store blokker (blokkmark), og berg- og rasmark. Stort område som strekk seg langs hovudvegen mot Vikedal (føljer geologisk berggrunn). Mosaikk av store blokker og edellauvskog saman med det fuktige klimaet her, gjer at ein får eit flott regnskogsmiljø. Rik edellauvskog der viktigaste vegetasjonstype er svartor-ask utforming (D6b) (Fremstad 1997). I tillegg er alm eit vanleg treslag i lokaliteten.

Artsmangfald: Karplanter/treslag: akeleie, bergasal, hårsveve, bergflette, bergfrue, bergskrinneblom, broddtelg, moskusurt, murburkne, liljekonvall, brunrot, myske, skogstjerneblom, skogvikke, nyresoleie, rosenrot, sanikel, skjelrot, kratthumbleblom, smørbukk, junkerbregne, fingerstorr, olavsskjegg, prikkperikum, temynte, vårmarihand, raggtelg, kranskonvall, kransmynte, kusymre, slakkstorr, skogsvinerot, hassel, hengeaks, hundekveke, lodnefaks, lodnerublm, lundgrønaks, maigull, skogfredlaus, trollurt,

mellomtrollurt, stortrollurt (EN), kystmaigull, skogstorr, maurarve, kristtorn, ramslauk, lind, svartor, platanlønn, alm (NT).

Sopp: ametystkantarell (NT)

Mose/Lav: randprikklav (EN), storstylte, rund porelav, revemose, kystnever, dronningmose, lungenever

Bruk, tilstand og påverking: Store delar av arealet er i bruk som beiteareal. Kan sjå ut til at det har vore beita over lang tid. Mange artar er knytt til edellauvskogs- og regnskogsmiljø fordi det ofte er rikt jordsmonn og gunstige forhold for flora og fauna. Store, gamle tre og svært mosekledde bergvegger tyder på lang kontinuitet og gode habitat for mose, lav, insekt og karplanter.

Framande artar: Platanlønn

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør handterast slik den vert i dag og beitinga bør fortsetja. Beitinga er positivt med tanke på attgroing og landskapspleie.

Del av heilskapleg landskap: Eit unikt landskap med eit stort potensiale og stor artsriksdom. Bitt saman dei to andre lokalitetane på Opsal, og vert dermed ein stor lokalitet. Unikt område med store blokker, fuktig rik edellauvskog og tendensar til regnskogsmiljø.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien A (svært viktig) fordi både edellauvskog og blokkmark er to truga naturtypar, og difor viktige. I tillegg er det 3 artar på raudlista av høg verdi. Lokaliteten syner også kontinuitetspreg. Klimaet gjer dette til eit flott regnskogsmiljø med mange flotte habitat for mellom anna sjeldan mose og lav, og karplanter. Dette er også eit av dei få store, samanhengande områda med så stor artsdiversitet og kvalitet ein har i kommunen. Første funn av randprikklav, i tidlegare Vindafjord kommune, gjer dette til eit interessant område. Stort potensiale for å finna fleire sjeldne artar her.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Opsal med vegetasjonstypene rik edellauvskog, sørvendt berg- og rasmark, og blokkmark.



Bilete 1: Randprikklav (brunfarga - til høgre) på bergvegg.

3, Bjergavassdraget

Posisjon:	LM 0990 0200
Naturtype:	A08 Kystmyr
Utforming:	A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Drenering, arealendring, attgroing
Undersøkt/kjelder:	02.07.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen
Siste feltsjekk:	02.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 02.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Bjergavassdraget ligg på nedsida av hovudvegen om lag 5 km aust for Skjold. Berggrunnen i området består av kvartsdioritt og granitt, og lausmassane består av morenemateriale underst, med myr- og torvmateriale øvst (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtype er kystmyr, med ein mosaikk mellom kraftig tuemyr og lausmatte/mjukmattemyr. Vegetasjonstypen er intermediær lausmatte/mjukmattemyr (Fremstad 1997). Delar av myrområdet vert oversvøymd 4-5 gonger i året (pers.medd, Lars Dalen² 2010).

Artsmangfald: **Karplanter:** Dystarr, brunmyrak, mjølkerot, mjuksivaks, særbustorr, andemat, nikkebrønse (VU), småtjønnaks, butt-tjønnaks, sumpkarse, blåtopp, flaskestorr, duskull, svartor, gytjeblererot, småblærerot, storblåfjør, strandrøyr, hesterumpe, gulldusk, kjempepigknopp, fagerrogn, myrhatt, dikeminneblom, sivblom, soleiehov, beitestorr, bråtestorr, sjøsivaks, trådstorr, kysttjønnaks, rusttjønnaks.

Bruk, tilstand og påverking: Kan tyda på at lokaliteten er grøfta for ein del år sidan. Sau og anna småfe beitar i området.


Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Unngå attgroing og meir grøfting.

² Amatørbotanikar

Del av heilskapleg landskap: Dette er eit myrområde som er vorte grøfta for å gjera nytte av arealet i landbrukssamanheng. Ekstremt tuete (opp mot ein meter høge) med lausmatte i botn og fastmatte på tuene. Innslag av minerotrofe artar som rome, blåtopp, brunmyrak, flaskestarr og duskull. Røsslyng-kysthei-utforming (Fremstad). Noko sau går og beitar langs kantane av myra, elles ligg det urørt. Går ein bekk gjennom store delar av myrområdet som gjev tilgang på mykje næringsrikt vatn.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien B fordi naturtypen kystmyr er ein lokalt og regionalt sjeldan naturtype som står som (EN) i truga vegetasjonstypar. Utforminga er også kategorisert som VU-EN i DN-handboka. Lokaliteten er i tillegg stor og har ein landskapsøkologisk viktig funksjon. Stor lokalitet, med potensiale for mange artar og stor artsrikdom. Dei sumpliknande områda er viktige habitat for insekt og amfibiar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Bjergavassdraget.



Bilete 1: Lars Dalen balanserar mellom svært store tuer på myra.



**Bilete 2: Ope vatn midt på myra.
Myrområde som vert oversvøymt årleg**

4, Røys i Sandeid mot Helgaland

Posisjon:	LM 2220 0630
Naturtype:	B01 Sørvendt berg- og rasmark
Utforming:	B0103 Rasmark
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugslar:	Arealendring, hogst
Undersøkt/kjelder:	13.07.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen
Siste feltsjekk:	13.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 13.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit på austsida av fjellet Hovda, litt nord for Sandeid. Berggrunnen består av gneis, lausmassane består av skredmateriale eller bart fjell, og breelavsetning nedanfor fjellet (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei lita røys i ein skråning, sørvendt berg- og rasmark. Utforming som rasmark med større eller mindre innslag av skog/tre. Tendensar til edellauvskog, mange indikatorar på det, samstundes som det er planta mykje gran i området.

Artsmangfald: **Karplanter:** svartburkne, hundekveke, skogsvinerot, storfrytle, smørtelg, junkerbregne, hengeaks, bleikstorr, blåklokke, vivendel, trollurt, mjødurt, markjordbær, liljekonvall, geitrams, gjerdevikke, hegg, hestespreng, eføy, olavskjegg.

Treslag: alm (NT), lind, platanlønn, hassel, rogn, osp.

Mosar: bergpolstermose, kystbandmose, droningmose, trådflokemose, skrumpjammemose, kysttornemose, skeijammemose, bekketvebladmose, bekkerundmose, krusfagermose, teppekjeldemose, heigråmose, fingerbeger.

Bruk, tilstand og påverking: Forlatt ur i ein skråning, ikkje mykje aktivitet. Sauer går og beitar i området og nyttar seg av røysa også.

Framande artar: Platanlønn.

Skjøtsel og omsyn: Røysa vernar seg sjølv, men er laus nokre stader. Ved for mykje fjerning av skog og vegetasjon rundt, kan den verta meir utsett for ras frå andre stader (jordras etc).

Del av heilskapleg landskap: Røysa ligg innimellom granskog og er eit lite, men viktig habitat i skogen for smådyr og insekt. Mose og lav veks på steinane og det renn ein liten bekk gjennom ura. Mange edellauvskogsindikatorar rundt heile røysa.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien C (lokalt viktig) sidan ura er tilhaldsplass for mange artar, insekt og fuglar. Lokaliteten ligg utanfor turområda og er skjerma for trakk, berre beitande dyr som går trakk for det mesta. Lokaliteten ligg også nært til lauvskog på over og undersida med edellauvskogspreg.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av røysa på Helgeland.

5, Smedsvik - Vikedal

Posisjon:	LL 2420 9740
Naturtype:	G09 Rikt strandberg
Utforming:	G0506 Strandeng- forstrand/panne
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Arealendring
Undersøkt/kjelder:	28.07.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen
Siste feltsjekk:	28.07.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 28.07.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag ei mil aust for Vikedal. Bergrunnen består av fyllitt og glimmerskifer og bart fjell (NGU 2010). Lokaliteten ligg i boreonemoral sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Dette er ei blanding av strandberg og strandeng. Områda med rikt artsmangfald er rike strandenger, medan strandberga går langs heile lokaliteten. Ein finn også edellauvskogindikatorar langs heile stranda.

Artsmangfald: Karplanter: Grisnestorr, havsivaks, åkersvinerot, strandvindel, knegras, åkerdylle, mjødukt, fagerperikum, sverdlilje, krushøymol, ryllsiv, klourt, klengemaure, firkantperikum, temynte, kvann, knopparve, strandstjerne, tangmelde, fjøresaulauk, strandkryp, kveke, strandnellik, kattehale, breiflangre, svartburkne, kystengsoleie, krossved, jonsokkoll, vivendel, smørbukk, eik, bjørnebær, skuggeborre, kystgriseblad, stor myrmaure, maurarve, eføy, lundgrønaks, loppestorr, skogvikke, skogfredlaus, ramslauk, filtkongslys, myske, kusymre, skjoldbærar, strandrug, brunrot, krokodillemosse.

Treslag: svartor, rogn, osp, kristtorn, trollhegg, hassel.

Bruk, tilstand og påverking: Vikene er sterkt påverka av hytte- og kaiutbygging i området. Så godt som alle småviker og bukter er støypt ut for å laga tilgang til naust og båt. Den eine vika der det enno var fuktig og urørt var det svært artsrikt, og ein fann mellom anna havsivaks og grisnestorr. Dette er einaste kjende veksestad i Vindafjord for desse artane. Det er få intakte strandenger og strandsoner att i området, difor er desse små vikene særst viktige.

Framande artar: Landøyda.

Skjøtsel og omsyn: Må ta omsyn til dei små vikene som enno er urørte. Særs viktig å ikkje bygga ut desse vikene. Strandberget er ikkje nødvendigvis så veldig rikt, viktigast med desse vikene.

Del av heilskapleg landskap: Strandsona. Lokaliteten er del av eit strandbergområde, med små, viktige fuktige habitat. Edellauvskogsartar langs heile lokaliteten, tyder på rikt jordsmonn og gode tilhøve for mange artar. Lokaliteten har potensiale for fleire sjeldne artar.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien B (viktig) fordi dei få sivevassområda som er igjen er små, men svært artsrike, og desse områda er under sterkt utbyggingspress. Viktig i det store bilete. Funn av lokalt sjeldne artar langs vegen og i skogområda gjer lokaliteten viktig også i ein større samanheng. Lokaliteten inneheld ingen raudlisteartar, men har eit par artar som er sjeldne for kommunen.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Smedsvik.



Bilete 1: Havsivaks.



Bilete 2: Stor tue med havsivaks.

6, Stråtveit

Posisjon:	LL 1420 9140
Naturtype:	F02 Gammal fattig edellauvskog
Utforming:	Innslag av lind og eik
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	02.08.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen. Kjelder: Naturbase
Siste feltsjekk:	02.08.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 02.08.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nesten inst i Yrkefjorden, om lag 15 km frå Åmsosen. Berggrunnen består av øyegneis og granitt, lausmassane er morenemateriale (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998). Er ei fortsetjing av lokalitet nr (BN00016667) som allereie er nemnd i Naturbase. Denne registreringa er av den nordlege delen.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen er gammal edellauvskog, med innslag av svartor-sumpskog (Naturbase). Innslag av rasmark i visse parti av lokaliteten.

Artsmangfald: **Karplanter:** mellomtrollurt, smyle, hengeving, vivendel, blåtopp, lundgrønaks, liljekonvall, gullris, stormarimjelle, legeveronika, skogburkne, bjørnekam, sisselrot, raggtelg, einstape, ormetelg.

Treslag: eik, lind, svartor, bjørk, osp, rogn, kristtorn, furu, hassel, einer.

Bruk, tilstand og påverking: Området vert nytta som turområde for lokale lag og organisasjonar og lokalbefolkninga (Gjerde 2001). Mange store, gamle styvingstre (ask og lind) i heile området, samt mykje ny tilvekst av ungskog.

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Bør ikkje gjera store endringar i lokaliteten. Litt rydding av ungskogen er ønskeleg for å unngå for mykje attgroing.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit stort område beståande av gamal edellauvskog og er viktig for å vedlikehalda kontinuitetsmiljøet. Lokaliteten inneheld mange flotte habitat for mose, lav, insekt, dyr og karplanter (gamle tre, steinrøys etc).


Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor lokalitet med stor biodiversitet. Det er også mange store, gamle tre i lokaliteten, som er viktige habitat for mange fuglar og insekt. Stort område med rik edellauvskog med mange kvalitetar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokaliteten på Stråtveit.
(Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Gamal styva lind



Bilete 2: Gamal styva lind

7, Kattrauv

Posisjon:	LL 1680 9305
Naturtype:	B01 Sørvendt berg og rasmark
Utforming:	B0102 Bergknaus og –flate
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Arealendring
Undersøkt/kjelder:	04.08.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen
Siste feltsjekk:	04.08.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 04.08.2009 og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg der Vatsfjorden møter Yrkefjorden. Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, lausmassedekket er tynt, hovudsakleg bart fjell (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen er sørvendt berg og rasmark, medan utforminga er bergknaus og –flate.

Artsmangfald: alm (NT), barlind (VU), kristtorn, strandkjeks, kransmynte, blankburkne, norsk asal, trollurt, svartburkne, lundgrønaks, hengeaks, strandrug, knopparve, vivendel, sanikel, vendelrot, mjølkerot, krushøymol, skogfredlaus, hundekveke, skuggeborre, blåknapp, lerk, engstorr, loppestorr, bergasal, fagerperikum, vrangdå, småsivaks, vårmarihand, markjordbær, skogburkne, raggtelg, steinnype, landøyda.

Bruk, tilstand og påverking: Ligg godt stykke unna folk og vanleg påverking. Området er lite i bruk i dag. Skrentar og delvis attgrodd kratt på store delar av neset.

Framande artar: Landøyda, lerk.

Skjøtsel og omsyn: Somme stader ber preg av å ha vore bruka som utmarksbeite tidlegare, kan sjå tydlege spor etter det. Desse områda held på å gro att.

Del av heilskapleg landskap: Nes ytst i Vatsfjorden. Artsrik lokalitet langs strandlinja, bratte bergveggar som går ned i sjøen, ein del interessante artar som veks på desse bergveggane.

To artar på raudlista, ein av høg verdi, desse bør takast omsyn til, er sårbare for arealendringar, flathogst av resterande skog er difor ikkje å anbefala.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein viktig naturtype og lokaliteten inneheld to artar på raudlista der ein er av høg verdi. Rike bergveggar med mange interessante artar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av Kattrauv.

8, Kvaløy

Posisjon:	LL 3210 9675
Naturtype:	F01 Edellauvskog og G09 Rike strandberg
Utforming:	
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugslar:	Utbygging, attgroing
Undersøkt/kjelder:	09.08.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen og 11.09.2009 saman med John Bjarne Jordal
Siste feltsjekk:	11.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 09.08.2009 og 11.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto. Lokaliteten er også statleg sikra friluftsområde (FS00001458).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag 5 km sør for Imsland. Berggrunnen består av gneis og granittisk gneis, medan lausmasselaget er tynt og for det meste bart fjell (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er delt inn i tre ulike område; eit område langs neset (ved brua) med naturtype edellauvskog og rike strandberg, eit område på lita halvøy på austsida med hovudnaturtype rike strandberg og eit område langs riksvegen registrert som andre førekomstar.

Artsmangfald: **Kvaløy (halvøy):** gjeldkarve, grov nattfiol, strandkvann, knopparve, liljekonvall, lodnebregne, prikkperikum, rundskolm, musestorr, brudespore (NT).

Kvaløy (sundet): akeleie, bergasal, bergflette, bergfrue, breiflangre, fingerstorr, lodnebregne, steinstorkenebb, svartburkne, dvergmispel, kyståkermåne, murburkne, norsk asal, svart-ola, vårmarihand. **Sopp:** røykkøllesopp (NT), vrangjordtunge (NT), gul småfingersopp, sadelmorkel, kantarellvokssopp, flammefotrødsdivesopp, kjeglevokssopp, bronserødsdivesopp, lillaflekket slørsopp, mandelriske, lodden kvitriske, gulnende slørsopp, svartkvit sølvpig, grå trompetsopp.

Kvaløy (langs riksvegen): akeleie, bergasal, bergflette, breiflangre, brunrot, dvergmispel, fingerstorr, gjeldkarve, hassel, hundekveke, kjempesvingel, kransmynte, kratthumleblom, lundgrønaks, mørkkongsllys, murburkne, prikkperikum, raudkjeks, sanikel, skogsvingel, skogvikke, skuggeborre, svarterteknapp, vårmarihand, maigull, stortrollurt (EN), alm (NT), engknoppurt, graslauk, grønburkne, krossved, loppestorr.

Bruk, tilstand og påverking: Dei tre lokalitetane har litt ulik brukstygde, området langs riksvegen vert forstyrta ved kantklipping og sprøyting med glyfosat. Sjølv om ulike metodar har vore tekne i bruk for å bli kvitt den frodige vegetasjonen i vegkanten, har ein heldigvis ikkje klart å fjerna den raudlista arten stortrollurt (EN) og andre interessante artar som veks der. Den svært artsrike grøftekanten har også ein del svartelista artar, mellom anna kjempespringfrø. Dette er grøftekanten kloss i vegen, området har tidlegare vore prøvd å få fjerna. Den vesle halvøya på austsida er så lita at vanleg bruk ikkje er tilstades. Då me var på synfaring var det rydda kvist og tømmer like ved som var lagra i utkanten av halvøya, midt oppi ei av dei største lokalitetane av brudespore (NT). Ein kunne sjå det stakk opp orkidear innimellom tømmerstokkane. Mykje trakk vil også føra til slitasjeskader. Lokaliteten som strekk seg langs sundet er meir skjerna, i alle fall den delen som ligg utanfor stien. Området er elles eit fint turområde med mykje sopp og bær, som tydeleg er i bruk av folk i bygda.

Framande artar: Platanlønn og kjempespringfrø langs riksvegen.

Skjøtsel og omsyn: Områda bør fortsatt nyttast til turformål, kan fort verta attgrodd dersom det ikkje er i bruk, ser tendensar til attgroing langs sundet. Dette er små lokalitetar som er sårbare for endringar.

Del av heilskapleg landskap: Små, men svært artsrike lokalitetar i kulturlandskapet. Lokalitetane er svært artsrike i antal pr. art. Eit lite område inneheld til dømes ca 15 brudespore, i tillegg til andre artar.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er svært artsrike lokalitetar med fleire raudlisteartar både av høg og middels verdi. Området er unikt i kommunen, og har kvalitetar og potensiale for funn av enno fleire interessante artar. Viktige habitat for å bevare desse artane.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokalitetene på Kvaløy.



Bilete 1: Stortrollurt langs hovedvegen.



Bilete 2: Kjempesvingel.

9, Haugen

Posisjon:	LL 2490 9690
Naturtype:	D04 Naturbeitemark, B01 Rasmark, berg og kantkratt
Utforming:	B0101 Kalkrik og/eller sørvendt bergvegg
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Gjødsling, attgroing
Undersøkt/kjelder:	11.09.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen, John Bjarne Jordal
Siste feltsjekk:	11.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 11.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag 5 km sør for Vikedal, rett nedanfor hovudvegen ved Helleneset. Berggrunnen består hovudsakleg av fyllitt og glimmerskifer, medan det hovudsakleg er bart fjell og berre eit tynt lausmassedekke (NGU 2010). Lokaliteten ligg i sørboreal sone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er hovudsakleg naturbeitemark, med blanding av rike bergknausar i ei lite gjødsla eng. Kalkrike berg i naturbeitemarka, mosaikk av rike område og meir gjødsla område. Dekningsgrad: 30% kalkrike berg, 70% eng.

Artsmangfald: **Sopp:** kritt vokssopp, kjeglevokssopp, honningvokssopp, skjør vokssopp, skjelljordunge, rødgul småkøllesopp, kvit køllesopp, rosa fagerhatt, mørkskjella vokssopp (NT), vanleg jordtunge, sleip jordtunge, limvokssopp, raud åmekubbe, vranglodnetunge (VU).

Mose: kveilrose

Karplanter/treslag: eføy, blankburkne, falkbregne, kusymre, liljekonvall, lind, sanikel, vårmarihand, steinstorkenebb.


Bruk, tilstand og påverking: Mosaikk av rik berggrunn/knausar og litt gjødsla eng. Dei mest spennande artane finn ein på/ved desse rike knausane i enga. Knausane er små, men dei er til gjengjeld svært artsrike. Lokaliteten er sterkt beita av sau, noko som bør fortsetja for å unngå attgroing. I tillegg bør ein vera forsiktig med gjødsling, sidan det kan redusera mangfaldet av beitemarkssopp.

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Ganske lite område som vert beita av sau. Lite areal totalt! Viktig å halda beite i hevd og ikkje gjødsla for mykje, attgroing vil vera negativt for artsrikdomen.

Del av heilskapleg landskap: Rike område i kulturlandskapet, lite gjødsla eng som vert beita.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdien B (viktig) fordi den inneheld sterkt truga artar. Lokaliteten er nokså liten, men likevel så rik på artar at den bør vera med i kategorien B. Kalkrike berg på beitemark utgjer ein spesiell naturtype som er særleg rik på artar, både vanlege og raudlisteartar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokaliteten på Haugen, eiga avgrensing i mørk rosa.

(Kjelde: Naturbase.)



Bilete 1: Rike kalkberg



Bilete 2: Gjødsla eng med rike kalkberg

10, Strandnes

Posisjon:	LM 2305 0210
Naturtype:	Ope beitelandskap med styvingstre
Utforming:	Kulturlandskapselement med hasselskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Nydyrking, beitestopp, attgroing
Undersøkt/kjelder:	11.09.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen og John Bjarne Jordal. Kjelder: Naturbase
Siste feltsjekk:	11.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 11.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på oversida av hovudvegen rett mellom Sandeid og Vikedal. Berggrunnen i området er hovudsakleg kvartsdioritt, fylitt og glimmerskifer (NGU 2010). Lausmassane består av tynt morenemateriale, eit ganske stort området inneheld skredmateriale (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Ca 20-25 gamle styvingstre (ask). Mange går snart i oppløysing. Mange styva tre i eit ope beitelanskap er sjeldan og bør takast vare på. Går ein vidare opp i lia møter ein på edellauvskog og hasselskog.

Artsmangfald: Kystnever og div. mose/lav og sopp på styvingstrea. Ramslauk og gullstjerne pregar botnsjiktet rundt mange av dei styva trea.

Bruk, tilstand og påverking: Arealet nært vegen er nytta som beiteareal der dei gamle styvingstrea står på rekke og rad på beitet. Det er ikkje gjort særskilde tiltak for å bevare styvingstrea.


Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Ved opphøyr av beiting vil beitet over tid, truleg gro att. Mange av styvingstrea er allereie så gamle og daude at det er rett før dei fell over.

Del av heilskapleg landskap: Sjeldan å sjå ope beitelandskap med styvingstre. Lokaliteten er ein del av kulturlandskapet og hasselskog like i nærleiken. Områda eg har gått opp ligg like i

utkanten av den lokaliteten som allereie er kartlagd i Naturbase. Hasselskogen er ein del av edellauvskogen som strekk seg mot Vikedal.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein sjeldan naturtype, ein ikkje ser så ofte lenger. Mange styvingstre som er viktige habitat for mange sjeldne mosar og lav.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokaliteten på Strandnes. Eigne funn merka i områda som er mørk rosa. (Kjelde: Naturbase).



Bilete 1: Styva ask med ramslauk og gullstjerne i botn. Både levande og daude styvingstre.



Bilete 2: Styvingstre med sopp og bregner.

11, Ovanfor Kvaløy, ved den gamle tunellen

Posisjon:	LL 3180 9750
Naturtype:	D12 Store gamle tre (i rik edellauvskogmiljø)
Utforming:	Store, gamle tre.
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Utbygging
Undersøkt/kjelder:	11.09.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen, John Bjarne Jordal
Siste feltsjekk:	11.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 11.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like ved hovudvegen, ved ein gamal tunell, eit par km nord for Kvaløy, like under Slettastøl. Bergrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, og det er for det mesta bart fjell, tynt lausmassedekke somme stader (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Store gamle tre i edellauvskogmiljø.

Artsmangfald: stortrollurt (EN), mellomtrollurt, kjeglevokssopp, kvit småfingersopp, stankparasollsopp, alm (NT).

Bruk, tilstand og påverking: 5 gamle styva almetre kloss i vegen i ei lita ur. Rikt, men svært lite område.

Framande artar: Ingen registrerte artar.


Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten ligg kloss i vegen i ei lita steinur. Med tanke på diversiteten og at alm er på raudlista er det ønskeleg at området får vera i fred. Ei eventuell utbygging av vegen kan vera skadeleg på lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Gamle styvingstre som ikkje er fjerna eller øydelagd av vegutbygginga. Står ganske åleine, og difor viktige å bevare for dei artane som er avhengige av kontinuitet og stabile habitat.


Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi lokaliteten inneheld fleire raudlisteartar av høg verdi. Viktig lokalitet for kontinuitetsartar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokaliteten (øvtst i kartbiletet).



Bilete 1: John Bjarne Jordal leitar etter sjeldan mose og lav på gamal styva alm.



Bilete 2: Styva alm.

12, Håland nord for Gjerda

Posisjon:	LM 2370 0515
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Attgroing, opphøyr av beite, gjødsling
Undersøkt/kjelder:	13.09.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen, John Bjarne Jordal
Siste feltsjekk:	13.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 13.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like ved Sandeid, mot Hålandsdalen. Bergrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, lausmassane består av tjukt morenemateriale (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen er naturbeitemark. Stort beite som er relativt lite gjødsla. Utforminga er frisk fattigeng (Fremstad 1997).

Artsmangfald: **Sopp:** brunfnokka vokssopp, gul vokssopp, skjør vokssopp, honningvokssopp, liten mønjevokssopp, gulfotvokssopp (NT), limvokssopp, mønjevokssopp, fiolett greinkøllesopp (NT), seig vokssopp, kantarellvokssopp


Bruk, tilstand og påverking: Sau går og beitar i dag, og lokaliteten er lite gjødsla.

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fortsetjing med beite er ønskeleg, og minst mogleg gjødsling.

Del av heilskapleg landskap: Del av eit større kulturlandskap med mykje beiteareal og produktiv jord.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi beitet inneheld fleire raudlista sopp, og lokaliteten er ein del av kulturlandskapet i området. Beitet er relativt lite gjødsla og er difor ein eigna lokalitet for mange beitemarkssopp.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokaliteten.

13, Håland, andre sida av vegen (1)

Posisjon:	LM 2330 0435
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0107 Or-askeskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugslar:	Gjødsling, attgroing
Undersøkt/kjelder:	13.09.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen, John Bjarne Jordal
Siste feltsjekk:	13.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 13.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like ved Sandeid, mot Hålandsdalen. Bergrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, lausmassane består av tjukt morenemateriale (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen er edellauvskog, med utforming or-askeskog.

Artsmangfald: **Sopp:** dvergmosekantarell, gul vokssopp, krusfellmose, gul trompetkantarell. Einer, ask, svartor.

Bruk, tilstand og påverking: Lokaliteten er nytta som beiteareal og er delvis gjødsla. Lokaliteten ligg tett opptil eit rikt edellauvskogsområde.

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Beite bør oppretthaldast og minst mogleg gjødsling er ønskeleg. Dette for å bevare det vesle som er av beitesopp.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av kulturlandskapet i området. Or-askeskogen går frå vegen og oppover mot beite. Funn av sopp gjort i or-askeskogen, medan beitet er såpass gjødsla at det ikkje er like interessant lenger. Edellauvskogen er frodig og med stor artsrikdom.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi edellauvskogen i området er svært rik og or-askeskog er ein sjeldan naturtype.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokalitet 1 – edellauskog.

14, Håland, andre sida av vegen (2)

Posisjon:	LM 2360 0450
Naturtype:	D04 Naturbeitemark, einerbakke
Utforming:	
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugslar:	Attgroing, gjødsling
Undersøkt/kjelder:	13.09.2009 Eydis Dalen, Lars Dalen, John Bjarne Jordal
Siste feltsjekk:	13.09.2009

Områdeskildring:

Innleiing: Skildringa er basert på eige feltarbeid i samband med innsamling av data til ei mastergradsoppgåve om naturtypekartlegging ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB). Feltarbeidet er gjort 13.09.2009, og skildringa skriven av Eydis Dalen. Avgrensingar er gjort med GPS og flyfoto.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like ved Sandeid, mot Hålandsdalen. Bergrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, lausmassane består av tjukt morenemateriale (NGU 2010). Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone, og klart oseanisk seksjon (O2) (Moen et al. 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er naturbeitemark, med innslag av einerbakke på øvre del av beitet.

Artsmangfald: **Sopp:** Honningvokssopp, mønjevokssopp, skjør vokssopp, raud åmekubbe.


Bruk, tilstand og påverking: Lokaliteten er nytta som beiteareal. Litt gjødsla, men mest av beitande dyr. Ligg tett opptil eit edellauvskogsområde og heng saman med nabolokaliteten (1).

Framande artar: Ingen registrerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Beite bør oppretthaldast og minst mogleg gjødsling er ønskeleg. Dette for å bevare beitesoppen og artsmangfaldet.

Del av heilskapleg landskap: Beiteareal i kulturlandskap.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi einerbakke er ein naturtype det stadig vert mindre av, og er difor viktig å ta omsyn til. Lokaliteten inneheld heller ingen registrerte raudlisteartar.



Figur 1: Kartutsnitt og avgrensing av lokalitet 2 – naturbeitemark, einerbakke.

5. Diskusjon

5.1. *Utfordringar ved feltarbeidet og bruken av DN-handboka*

DN si handbok 13 gjev utfyllande informasjon om korleis naturtypekartlegginga skal gjennomførast og kva som er viktig med dei ulike naturtypene. Den seier noko om korleis verdisetjinga skal gjerast, korleis avgrensingar skal gjerast og kvifor dei ulike naturtypene er viktige.

For kartleggaren er imidlertid det å gjera ei naturtypekartlegging ein modningsprosess. Tid og erfaring er viktig for lett å kunne kjenne att naturtypar, kva som er viktig ved dei, og kvar ein kan finna interessante område. Ei blokkmark er ikkje nødvendigvis berre store steinblokker. Ved nærare ettersyn ser ein at blokkmarka inneheld viktige habitat både for mose, lav, insekt og små dyr. Kombinert med til dømes edellauvskog får ein eit verdfullt område med stor biologisk diversitet.

Å lokalisera nye lokalitetar var til tider vanskeleg i starten. Heldigvis fekk eg god hjelp frå kommunen som tipsa meg om stader dei ville ha sjekka, og frå lokale personar som visste om mange interessante område eg burde undersøkje.

Det å sjå den store samanhengen, og det å kunne leite etter dei rette artane på dei rette stadene, var noko av det eg fann mest utfordrande i starten. Då ein fyrst var komen til lokaliteten var det mest utfordrande å vita kva ein skulle sjå etter av artar, mellom anna kva er det som er sjeldan her og kva kan ein forventa å finna her. Til tider var det ikkje berre ein naturtype i lokaliteten, men ei blanding av fleire nærliggande typar, eller ein mosaikk av ulike typar. Dette gjorde området enno meir komplekst, men også meir interessant. Dei områda som berre var ei blanding av eit par naturtypar vart definert som ein hovudnaturtype med innslag av ein undertype. Der det var ein mosaikk av fleire prøvde eg å laga eit dekningskart som forklara kor mykje det var av kvar naturtype. Naturtypen var som regel grei å bestemme, men det kunne til tider vera verre å bestemma utforming og vegetasjonstype.

Avgrensing og verdisetjing av lokalitetane var neste utfordring. Som hjelpemiddel til dette nytta eg DN-handbok 13 og Fremstad si "Vegetasjonstyper i Norge", samt raudlista for å sjå i kva grad artar var truga eller ikkje. Verdisetjing av eit område berre utifrå det ein har funne av vekstar og naturtypen kunne vera utfordrande. Ved å sjå på tidlegare funn og registreringar i

nærleiken, samt anna informasjon om lokaliteten, gjorde jobben litt enklare. I starten var det vanskeleg å gjera områdeavgrensingar som var store nok. Av og til fordi det kunne vera litt vanskeleg å sjå grensene på flyfotoet, men mest fordi ein var litt redd for å ta med for mykje. Etter kvart vart det vanskeleg å ikkje ta med for mykje fordi ein ville sikra at områda var store nok, slik at ein kunne ta vare på dei verdfulle kvalitetane området hadde for ettertida. Til tider var det også litt utfordrande med dei aller minste lokalitetane, som eg syntest var altfor små, er det verkeleg nødvendig å ha med så små område? Men det er jo desse områda som er sårbare og som treng ekstra omsyn. Då dei største hemningane var borte vart det enklare å gjera avgrensingar av områda.

Verdisetjinga var litt på same måte. Det var litt vanskeleg å setja ein høg verdi på dei minste områda. Her kunne eg heldigvis ta artsmangfaldet med i betraktninga og det gjorde jobben mykje enklare. Har ein mange artar på raudlista av høg verdi er lokaliteten automatisk viktig, uansett storleik.

Gjennom DN si handbok får ein god oversikt over dei ulike naturtypane, og litt om kva for ulike utformingar dei har. Diverre skildrar ikkje handboka dei ulike utformingane detaljert, og av og til er utforminga i handboka det same som vegetasjonstype i Fremstad (1997). Dette kan vera litt forvirrande. Til dømes har slåttemark i handboka mange utformingar, men desse er vegetasjonstypar i Fremstad. Då tykte eg det var litt vanskeleg å bestemma vegetasjonstype på kvar lokalitet, som ein også skal i følge handboka.

Kartlegging av natur og naturtypar krev god kunnskap om mange ulike feltområde. Ein skal kunne sjå det store bilete, samanhengar, verdien i dei små områda, ha artskunnskap innan flora og fauna, og også evna til å kunne avgrensa eit område, ekskludera noko for å få med noko anna. Det å kunne sjå potensialet i eit område som kan sjå litt stusseleg ut akkurat no, og eventuelt sjå potensiale for restaurering av eit anna område, syner at ein klarar å sjå heilheita i naturbiletet. Eit par skogsider som kunne vore rydda og bruka som beite og prøvd restaurert på den måten. Det med restaurering av område er eit vanskeleg spørsmål. Kva er det ein eigentleg er ute etter? Er det å auka biologisk mangfald, få attende den kvaliteten området hadde tidlegare, kvitte seg med uønska artar, eller berre opne opp i landskapsbilete? Kva er det eigentleg som er ”originalt”, eller det ein vil attende til? Mange område vil nok kunne endre uttrykk og innhald berre ved å la dyr gå og beite der. Men dette krev at nokon gjer

arbeidet med å halda dyr der, og halda området ved like. Dette krev tid og pengar, og i dagens jordbruk vil slikt arbeid ta for mykje tid i forhold til kva ein får att i pengar.

Dette er ting ein må ta stilling til dersom ein skal driva restaurering av område. Attgroing er absolutt eit aukande problem og bør løysast på ein måte. Attgroing kan også føra til at nye habitat oppstår og nye artar kjem til. I nokon tilfelle kan dette vera ønskeleg.

I felt bør ein vera effektiv og ikkje bruka heile dagen på eit lite område der ein ser etter ting som mest sannsynleg ikkje er så viktig likevel. Dette var absolutt noko som var utfordrande då eg starta feltarbeidet. Heldigvis tok det ikkje lange tida før ein byrja å sjå litt meir samanhengar, og sjå ting på ein litt anna måte slik at kartlegginga vart meir effektiv. Etter kvart som artskunnskapane auka bruka ein mindre tid på ”uviktige” ting og kunne konsentrera seg meir om dei artane som var mest verdfulle, og som ein burde leita etter på visse stader. For å få betre kunnskap om kartlegging og metodane ved kartlegging, vil eg anbefala å få vera med erfarne kartleggarar i felt. Det er greitt å lesa ei bok og læra seg teorien, men det ein har mest utbytte av er definitivt å sjå korleis ein erfaren kartleggar jobbar i felt. Eg var så heldig å få vera med blant andre John Bjarne Jordal og Geir Gaarder i felt eit par dagar, noko som var svært lærerikt. Eg fekk mange gode tips på vegen, og fann definitivt ut at dette var meir komplisert enn eg hadde sett føre meg i utgangspunktet.

5.2. Styrkar og svakheiter ved Naturbase

Naturbase er ein base som inneheld informasjon om verneområde, statleg sikra område, naturtypar, artsmangfald, friluftsområde og kulturlandskapsområde for å nemna noko (Direktoratet for Naturforvaltning 2010). Dette er meint som hjelp og informasjon til mellom anna arealforvaltning og kommuneplanlegging. Alle kommunar skal difor leggja inn informasjonen dei har om naturtypar i kommunen inn i denne databasen.

Noko av svakheita med Naturbase er at det til tider kan vera svært vanskeleg å finna gode oversiktskart. Eg har til dømes ikkje klart å finna noko godt kart som syner utbreiinga av rik edellauvskog. Det hadde vore fint å kunne sjå oversikt over kvar ein finn mest av til dømes ein utvald naturtype. Dersom det er gjort registreringar, har dei data det burde gå an å laga slikt av.

Naturbase inneheld mange artsregistreringar frå faunaen i Noreg. Diverre er ikkje floraen like godt registrert i Naturbase. Eg har enno ikkje klart å finna punkt- eller anna registrering av karplanter på Naturbase. Dette tykkjer eg er litt merkeleg, særleg sidan sjeldne og raudlista

karplanter også er viktig for begrunninga av verdisetjinga på ein lokalitet. Mange raudlistearter er også nøkkelement i naturtypar, og viktige indikatorar for val av utforming og vegetasjonstype. For å finna gode kart over registreringar av karplanter må ein nytta seg av andre databasar. Ein av desse ein kan nytte seg av er artsdatabanken sine databasar (www.artsdatabanken.no). Her finn ein bra kart med mange registreringar og i tillegg får ein også opp om arten er på raudlista eller ikkje.

Mange kommunar har eigne databasar for registrering av biologisk mangfald som dei tykkjer fungerer betre og er enklare å arbeida med. Dette gjer at ikkje alt av registreringar kjem med i Naturbase, og dei som baserar seg på Naturbase som grunnlag og utgangspunkt ved eventuell utbygging, kan enda opp med å leggja utbygging til stader som allereie er kartlagde og registrerte som svært viktige område utan å vera klar over det.

Ein annan uheldig effekt er at registreringsarbeidet kanskje vert gjort to gonger. Først kommunen og så utbyggar som må sjekka om det er mogeleg å gjera utbyggingar i området. Dette gjer det mellom anna vanskeleg å halda oversikt over kva ein har av biologisk mangfald og naturtypar i Noreg. Ein felles database slik som Naturbase, der alle må leggja registreringar inn i, er ei løysing på problemet. Databasen må vera så enkel å handtera og oversiktleg at alle har lyst til å bruka databasen. Det inntrykket eg har fått til no er nemleg at Naturbasen er litt for tungvindt å bruka og difor nyttar mange kommunar eigne databasar i staden for.

Ein må vera innforstått med at alle brukar denne felles databasen slik at ein kan vera trygg på at det som ligg der av informasjon til ei kvar tid er oppdatert og rett. Naturbase fungerer fint som oppslagsverk og kjelde så lenge det er lagt inn registreringar, men når desse manglar vert basen ufullstendig.

Noko av det som er svært positivt med Naturbase er at det er gjort, og lagt inn svært mange artsobservasjonar av dyrelivet. Det er svært viktig å ha ein stad der ein kan samla slik informasjon om mangfaldet i landet, og ein ser kor viktig det er å ta vare på særskilde lokalitetar ein ikkje tenkjer så mykje over. Dette gjer oss meir merksame på kva som veks og lever rundt oss, og gjer oss forhåpentlegvis meir bevisste på korleis me vel å ta vare på naturen kring oss.

Ein annan positiv ting med Naturbase er at basen er tilgjengeleg for alle, men ikkje alle kan leggja inn informasjon og registreringar. Berre kommune/fylke kan leggja inn registreringar som gjer at ein kan få kvalitetssikra registreringane. Ein veit kven som har gjort registreringane, og at desse personane er kvalifisert til å gjera jobben. Det uheldige er jo at det ofte er svært mange dyktige og kunnskapsrike personar rundt omkring i landet som sit på utruleg mykje kunnskap. Ikkje berre om staden, historia og dei ulike lokalitetane, men også om artsmangfaldet og variasjonen i området, som er viktig å få kartlagd. Mange har nok mykje nedskrive og registrert til eige bruk, men det er ikkje registrert i Naturbase eller ein annan registreringsbase. Her kjem artsdatabanken med sine databasar, til dømes artsobservasjonar, inn som eit flott alternativ. Her kan den som vil registrera seg og leggja inn eigne observasjonar. Då kan ein diskutera kor sikkert dette er med tanke på kunnskap og liknande. Eg trur det er dei med engasjement og interesse for faget som kjem til å nytte seg av ein slik base. Difor vil ein kunne stole på dei funna som vert registret. Dei som har manglande kunnskapar, eller lite interesse for slikt vil mest sannsynleg ikkje vita at det finst ein slik base, eller ha behov for å leggja inn registreringar der.

I tillegg kjem også den nye naturtypebasen til artsdatabanken, Naturtyper i Norge (NiN), som vert ein ny database ein må forholde seg til. Om denne databasen skal overta for Naturbase veit eg ikkje, det beste hadde vore om dei kunne ha samarbeida om registreringar og databasar. Dette ville mest sannsynleg gitt eit veldig bra sluttprodukt.

Dei ulike databasane er greie å finna og bruka, men det hadde vore enklare om alt låg i ein felles base, eller at det var linka til kvarandre slik at ein slapp å veksle mellom fleire vindauga mens ein haldt på med søkinga. Mogeleg det er for mykje materiale, slik at det ikkje let seg gjera å ha alt i ein base, men då bør det i alle fall gå an å koplade dei opp mot einannan slik at ein kan bruka dei som ein felles database.

Ein kombinasjon av dei to registreringssystema vil vera optimalt. Dei vil kunne utfylle kvarandre på dei områda den eine basen er svak og den andre sterk, og ein vil få eit mykje meir detaljert og betre resultat enn det ein har no. Ein er ikkje tent med å ha to registreringssystema som går parallelt, då vil ein fort miste viktig informasjon somme stader, eller ting vert gjort dobbelt opp. Klarar ein å utnytte det beste frå begge registreringssystema kan dette verta veldig bra. Målet må vera ein felles registreringsbase.

5.3. Naturbase eller NiN?

NiN er den nye naturtypedatabasen utarbeida av Artsdatabanken (Halvorsen et al. 2009). Her er det lagt vekt på å laga eit felles naturinformasjonssystem som alle kan bruka, også den vanleg mannen i gata.

